



Foto: Thomas de Lange/Werneck

Status og råd

Ifølge ICES er bestanden, som frå 2014 inkluderer Nordsjøen, Skagerrak og vest av Skottland, i dårleg forfatning og vert ikkje hausta berekraftig. Gytebestanden er under føre-var-nivået.


Fiskedøyringsraten har sidan 2009 vore under føre-var-nivået, men over det nivået som gir høgt langtidsubytte. Rekrutteringa har sporadisk vore sterk og har gjeve dominerande årsklassar i fiskeria, men bortsett frå 2005- og 2009-årsklassane som var middels gode, har rekrutteringa dei siste åra vore under langtidsgjennomsnittet.

På grunn av ICES si avgjerd om å kombinere Skagerrak, Nordsjøen og vest av Skottland i eitt område, er ikkje EU–Noreg sin langsiktige forvaltingsstrategi lenger gjeldande. Kvoterådet frå ICES er basert på ei MSY-tilnærming (høgt langtidsubytte). Ein tidlegare feil i bestandvurderingane medførte ein 45 % reduksjon av TAC i 2017. Noregs totalkvote (med utkast) er i Nordsjøen 7 238 tonn og i Skagerrak 87 tonn.

I forvaltninga er hyse i Nordsjøen halden åtskilt frå hyse i Skagerrak og vest av Skottland. 9,5 % av kvoten kan takast vest av Skottland og 90,5 % i Nordsjøen og Skagerrak. EU disponerer 78 % og Noreg 22 % av totalkvoten i Nordsjøen. Noreg har disponert litt over 4 % av kvoten som vert avsett til Skagerrak.

Fiskeri

Hyse blir hovudsakleg fanga med botntrål og i mindre grad også med snurrevad. Hyse er målart for delar av flåten, men blir også fanga i blandingsfiskeri saman med mellom anna torsk, kviting og kreps.



Bestand og fangst (inkludert utkast og bifangst i industritrål) av hyse i Nordsjøen/Skagerrak og vest av Skottland.

Stock size and catch (including discards) of haddock in the North Sea, Skagerrak and west of Scotland.

Hyse – *Melanogrammus aeglefinus* – Haddock
Familie: Gadidae (torskefamilien)
Andre namn: Kolje
Maks storleik: 60 cm og 4 kg
Levetid: 15 år
Leveområde: Nordsjøen/Skagerrak/vest av Skottland
Gyteområde: Nordsentrale Nordsjøen
Gytetidspunkt: Februar–mai
Føde: Botndyr, sildeegg og fisk

Nøkkeltal:

KVOTERÅD 2017: 39 461 tonn (totalfangst)

TOTALKVOTE / NORSK KVOTE 2016:

33 643 / 7 238 tonn (Nordsjøen)

2069 / 87 tonn (Skagerrak)

3749 / 0 tonn (vest av Skottland)


TOTALFANGST / NORSK FANGST 2015:

41 572 / 2074 tonn

NORSK FANGSTVERDI 2015: Ca. 27,2 mill. kroner

(Nordsjøen), 0,76 mill. kroner (Skagerrak) og

0,1 mill. kroner (vest av Skottland)



Fakta om bestanden:

Hysa finst på begge sider av Atlanterhavet og er stort sett oppdelt i dei same bestandane som torsk, bortsett frå at det ikkje finst nokon hysbestand i Austersjøen.

Nordsjøhysa gyt i perioden februar til slutten av mai i dei sentrale eller nordlege delane av Nordsjøen. Hovudgrytetida er i mars–april. Oppvekstområda er i Moray Firth i Skottland, i kystnære område kring Orknøyane og Shetland og langs eggakanten på ca. 200 meters djup frå Shetland til Skagerrak. Hysa produserer med ujamne mellomrom særst sterke årsklasser som kan dominere fangst og bestand gjennom fleire år.

I motsetning til torsk veks hyse i Nordsjøen mykje seinare enn i Barentshavet. Til trass for dette vert nordsjøhysa tidlegare kjønnsmoden, stort sett når ho er to til tre år gamal.

Hyse er hovudsakleg botndyr som børstemark, muslingar og slangestjerner, men tobis og sildeegg står også på menyen.

Dei siste 50 åra har utbreiinga av nordsjøhysa endra seg. Tidlegare fanst det ganske mykje hyse sør i Nordsjøen, men no lever det meste nord for ei linje mellom Newcastle og Hanstholm.